



Åge Myklebust er trener for G-13/14-laget som har gjort ein god innsats i Norway Cup.

**Rosendal/Uskedal sitt G-13/14 spela no i føremiddagstimane 32-delsfinale i A-sluttspellet i Norway Cup. Gutane møtte Bækkelaget, og etter ein jamn kamp enda det med 0-2 tap. Gutane har all grunn til å vera fornøgd med innsatsen sin; å klara å kvalifisera seg til A-sluttspellet er flott!!**

Første omgang var jamnspela, men like før pause fekk Bækkelaget to kjappe mål. Dermed låg dei under 2-0 ved pause. I andre omgang bølga spelet fram og tilbake. Rosendal/Uskedal hadde fleire gode sjansar, men ballen ville ikkje i mål. Dermed vart sluttresultatet 2-0 til Bækkelaget, og våre gutar er dermed ferdige i turneringa for i år etter god innsats.

To uskedelingar spelar på dette laget. Det er Marius Myklebust og Kjartan E. Tungesvik. I tillegg er Åge Myklebust trenar.

Medan 128 lag spelar A-sluttspel, spela G-16-laget til Rosendal første kamp i B-sluttspelet kl.08.00 i dag tidleg. Det enda med ein fin 3-1 siger mot Nordhordland BK 3, og etter det vi har brakt på det reine, var det Sondre Eskeland som laga måla.

Foto:Privat/Rosendal Turnlag

Tekst: Thor Inge Døssland